

PROTOKOLL STYREMØTE SFT

Dato: onsdag 26. august 2020. **Stad:** møterom Thon Hotell, Skei. **Tid:** kl. 17.00-20.15

Desse møtte: Siv Merete Stadheim, Irene Lunde, Karen Weichert, Odd Henrik Berge, Vigdis Flaten Kvamme og Lars Røyrrhus.

Tilsett: Astrid Kalstveit

Melde forfall: Steffen Sandene, Silje Vallestad, Tina L. Vie (vara), Ron Overdevest og Marie Sørum.

Sak 33 Innkallinga godkjent

Sak 34 Protokoll styremøtet 10. juni godkjent

Sak 35 **Orienteringssaker**

Administrasjonen rapporterte om prioriterte oppgaver:

Sakspapir DNT sitt landsstyre 29.08, sendt ut i siste DNT nytt og nyttig info for dei tillitsvalde.

Kursaktivitet og førebuing (korona tiltak)

- Grunnkurs Hav: 28.-30. august. Fullbooka med 8 deltakarar og 2 instruktørar.
- Klatre/Brattkort ute: 29.-30. august. Fullbooka med 9 deltakarar og 2 instruktørar.
- Grunnleggjande turleiarkurs, Hardbakke Solund: 11.-13. september. 7 deltakarar pr. i dag

Prioriterte oppgaver:

- Følgje opp lokallaga i høve råd/retningsliner knytt til korona

Ja, oppfølging og vidareformidling gjeldande instruksar hytter og turar.

- Digital system for samhandling med lokallaga

Ferietid og ikkje møter med lokallaga, men jamleg kontakt via e-post og telefon.

- Hyttebooking

YNT har booking Kråkenes fyr og Skongenes fyr.

Indre Sunnfjord Turlag er snart klare for booking 3 hytter, men nyttar bestilling overnatting på e-post/SMS sine hytter ut året.

Flora Turlag har starta prosess med booking, men har ikkje fullført ifølge kontaktperson. Nyttar manuell e-post bestilling på Kinn/Blåbrebu/Gjegnabu.

VT har manuell bestilling på Sylvarnes, Jashaugbu og på Målsethytta (13.06) og bet. på Vipps.

LuT har manuell booking på Fivla og Fuglesteg. Tungestølen nyttar også manuell bestilling via e-post. INT har manuell bestilling Vetledalsseter.

ST har ikkje bestilling på Grøssete, men er blitt oppmoda lage gode rutinar.

KT, ST og YST går ikkje for VisBook i denne omgang og vel andre løysingar inntil vidare.

- UT.no – leggje ut så det ligg minst 10 turar pr lokallag i løpet av 2020

Dei fleste lokallaga har vore ivrige lagt ut turforslag.

Har tilbydd laga assistanse, men dei må bidra med framlegg og omtale/bilete, og adm. kan bidra med å leggje ut. INT vil leggje ut støylar og stiar i Utvik og SFT bidreg. Venta på bilete.

Prioritere å hjelpa dei laga å leggje ut 10 turar, som har færrest turar på UT.no

Brukarar: 4,2 millionar (71,5% auke frå same periode i fjor).

- Prioritere veka si turanbefaling via FB – den turen må ligge på ut.no

Ja, det har blitt gjort og med ulik vri arrangerte turar/hytter i lokallaga.

Kom Deg Ut innmeldingstilbod gjeld i perioden laurdag 5. sept.- fredag 11.sept.

Supertilbod på medlemskap ut året og neste år knytt til Kom Deg Ut-dagen, har dei siste åra bidrege til 3000 nye medlemskap.

- Status søknader og tildeling SFT. Sjå vedlegg

Utvalsleiarane orienterte:

Kurs- og Fjellsport v/ Vigdis planlegg ha eit utvalsmøte i næraste framtid.

Ny tilsett dagleg leiar i Jølster Skisenter er Jarle Mundal (utvalsmedlem KFU) og utvalet håpar på godt samarbeid.

DNT Ung v/ Lars

Prosjektleiar hadde møte med Ung-utval 8. juni. Jakob Haavik Leivdal i Ung-utvalet tok del i planlegging og gjennomføring av dagsarr. På Sandane og Stad.

DNT-ung samling på Sæteren gård 11.-13. september er avlyst grunna korona.

DNT sin UT-danningskonferanse 16.-18. oktober er også avlyst grunna korona.

Ekstraordinært landsmøte 23.-25. oktober skal avgjerast 29. august på DNT sitt landsstyremøte om vere fysisk eller digitalt.

Prosjektleiar rapporterte til styret:

Juni/juli: 5 dagsarrangement blei gjennomført som erstatning tapt BC-arrangement i Førde, Askvoll, Sandane, Stadlandet og Florø.



August: BC Kyst på Værlandet/Bulandet hadde 12 deltakarar og 3 leirleiarar inkludert prosjektleiar.

Go` Kajakk var instruktør på padling og fridykkinga.

KDU: Innhentar informasjon om kva BT- lag som ynskjer å arrangere KDU. Det er ein trend blant BT-laga at dei ynskjer å ha natursti/turtipp, der dei får premie.

SFT er gått inn i eit samarbeid med Nationalmuseet om eit ungdomsarrangement (19-26 år) til dagsturhytta Gyttå i Førde den 6.sept. Ein kunstnar /performancer skal ha førestilling på stien, og gi ei kultur- og naturoppleving kombinert med kvarandre. Spennande prosjekt med seriøse aktørar.

Dei hadde eit sterkt ynskje om å ha SFT på laget og prosjektleiar stiller til disposisjon den 6.sept.

OPPTUR: Innhentar informasjon hjå laga, om kven som ynskjer arrangere OPPTUR onsdag 16. september. Nokre turlag oppmodar skular ta med elevane ut på ein tur sjølve pga. korona.

18. august takka Marie Sørum ja til ei 50% prosjektstilling i Sogndal og Luster Turlag og tek til i jobben 1 september.

Sak 36 Fellesmøtet SFT, Blix hotell, Vik i Sogn 17.-18. oktober

Høyring ut til lokallaga om vere eit fysisk møte eller digitalt.

Program forslag:

- * Arbeid med stinett, ruter og hytte
- * Stemmetal på årsmøtet SFT
- * Ser vi ei endring korleis turgåarar brukar våre tilbod?

Program fellesmøtet vert diskutert og ferdigstilt på neste styremøte.

Sak 37 Prosess stilling dagleg leiar

- bør vi vurdere om stillinga skal ha anna namn? t.d. organisasjonssekretær?

- kva arbeidsoppgåver skal stillinga innehalde?

Styret oppsummerte med, at organisasjonssekretær vil vere den tittelen som passar best på funksjonen utifrå forventningar til stillinga samt beskrive best dei oppgåvene som stillinga inneheld.

Kontorleige

- bør vi gjere noko med lokaliseringa og vurdere alternativ plassering i eit meir fagleg miljø?

På nettmøte med lokallagsleiarane sa dei fleste at lokalisering ikkje hadde så mykje å

sei, i desse «digitale tider». Leige av utstyr kunne skje frå fleire ulike lag. SFT-lageret fordelt i foreininga vår, med t.d. kompensasjon til lokallaga via kontingent.

Butikkdelen

- skal vi halde fram med det eller avvikle?

Stikkord frå diskusjonen: Utleige av utstyr? Rett at SFT har utleige/butikk, eller burde det vere IST som driv den? Funksjon som turistinformasjon? Er ny dagleg leiar interessert/kompetent i utleige av utstyr? SFT må ha lager for t.d. Basecampstyr.

Oppsummering: Vi går i retning til å ikkje ha butikk og til ev. meir desentralisert utstyrlager. Vi må finne ut om reglane for ev oppseiing av husleiga.

Fungerande nestleiar og styreleiar vil diskutere med referansegruppa frå lokallaga korleis dei vurderer den retninga styret legg for stillinga / oppgåver og kontor.

- **Ung prosjektstilling 2021**

DL ynskjer styret skal ta avgjerd ha ei 50% prosjektstilling born og unge neste år, slik at den kan leggjast inn i budsjettet 2021 og vidare i kontingentutrekningsmodellen, som skal vedtakast på årsmøtet 23. januar 2021. Det er viktig oppretthalde den gode ungaktiviteten som er i laga nå og kunne planlegge neste år sine kurs/arrangement. Stillinga vert drøfta vidare på neste styremøte.

Sak 38

Ymse

Neste styremøte vert 30. september på Thon Hotell Skei

Referent: Karen Weichert og Astrid Kalstveit